



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 22.8.2018

Miljødirektoratet
v/Fylkesmannen i Møre og Romsdal

KLAGE – LØYVE TIL SKADEFELLING AV JERV

Viser til dykkar ref. 2017/2788

Naturvernforbundet klagar med dette på vedtak gjort av Fylkesmannen i Møre og Romsdal den 20.8.2018, (Kunngjort 21.8.) gjeldande skadefelling av jerv i Øvre Sunndal i Sunndal kommune sin del av Dovrefjell-Sunndalsfjella.

Naturvernforbundet meiner at vedtaket må gjerast om til avslag.

Naturvernforbundet kan gjere nærare greie for vår klagerett på førespurnad.

Skadefellingsløyvet er gitt i det som inntil i vår var forvaltingsområdet for jerv. Den nye forvaltingsplanen endra dette, men det blei ikkje gjort noka utgreiing om korleis dette ville påverke dei samla tilhøva for jerven, og det finst ikkje sakssvarande vurderingar etter naturmangfaldlova for dette spørsmålet. Dette saman med andre manglar gjorde at Klima- og miljødepartementet har bede nemnda sjå på vedtaket på nytt. Sidan nemnda ikkje har respektert utgreiingsreglane og såleis bygger på mangelfull kunnskap om jervens behov i området, vil ikkje Naturvernforbundet respektere forvaltingsplanen vedtatt våren 2018 som gyldig i dette spørsmålet. Det tyder at vi reknar Øvre Sunndal som liggande i forvaltingsområdet for jerv. Det tyder også at det er jerven sine behov som går føre, og beitenæringa må innrette seg etter jerven sine behov.

Klima- og miljødepartementet har presisert at det skal vere tydeleg skilnad mellom beiteprioriterte område og rovdyprioriterte område. Det skal relativt sett vere lettare å få skadefellingsløyve i beiteprioritert område, og tilsvarande vanskeleg i rovdyprioritert område. Dette slik at beitenæringa kan innrette seg etter situasjonen, og på den måten redusere konfliktnivået. Ein føresetnad for å ha ein låg terskel for skadefellingsløyve i beiteprioriterte område er at ein er tilsvarande streng i rovdyprioriterte område, slik at ein har ein samla bestand av rovdypira som toler uttaket.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, Rasta 4, 6630 TINGVOLL
Telefon 918 12 542 – epost moreogromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr

Når forvaltingsplanen manglar vurderingar etter naturmangfaldlova på det aktuelle spørsmålet, må dette i det minste reparerast av Fylkesmannen når det blir gjort einskildvedtak. Fylkesmannen si vurdering går ikkje inn på «dei store spørsmåla» i så måte, og reparerar ikkje mangelen. Tvert om ordnar Fylkesmannen ein ny mangel.

I Fylkesmannen si vurdering står det:

«Fylkesmannen legg til grunn at felling av ein skadegjerande jerv i forvaltningsområdet for jerv innanfor fastsatt kvote frå rovviltneemnda, ikkje vil verke inn på overlevinga til den sørvestlege jervebestanden i Norge.»

Dette er ei vurdering som bygger på feil grunnlag, då det den 20.8. framleis var eit gyldig skadefellingsløyve i Rauma. Spørsmålet er følgeleg ikkje om den sørvestlege delbestanden toler uttak av eitt individ, men to.

Vidare vil uttak av jerv i Øvre Sunndal høgst sannsynleg føre til redusert jervbestand i forvaltingsområdet for jerv, og tilsvarende behov for at ein styrker jervbestanden i prioritert beiteområde i staden. Dette er konfliktdrivande og i strid med rovviltforliket. Dette mellom anna som følgje av at den nye grensa som forvaltingsplanen av 2018 baserer seg på ikkje er ei naturleg grense for jerv.

Det går fram av Fylkesmannen sitt saksframlegg at området er av dei som har hatt tap til rovdyr tidlegare. Forvaltingsplanen for store rovdyr i region 6 seier at det er mål om 3 jervynglingar pr. år i Sunndalsfjella og Reinheimen. Det svarar til ca. 20 jerv. 20 jerv i dette området vil merkast og det vil føre til tap av beitedyr. Det er dette som er normalsituasjonen i dette området.

Sjølv om det er påvist 4 ynglingar i Møre og Romsdal i år, så er det berre to av dei som er i forvaltingsområdet for jerv. Sett over tid er det heller ikkje noko som tyder på at bestanden av jerv i forvaltingsområdet er større enn det talet ynglingar peiker på. Det skal difor vere eit klart mål for forvaltinga å auke jervbestanden i dette området. I tillegg til at det skal vere ein vesentleg høgare terskel for å gi skadefellingsløyve, skal det vere ytterlegare vanskeleg når ein ikkje er oppe på det bestandsnivået som er planlagt.

Nabofylket Oppland har i år registrert 3 ynglingar, har mål på 4. Ein må såleis ty til ynglingar utanfor forvaltingsområdet for å nå 7 ynglingar i den sørvestlege delbestanden av jerv dette året. Dette har Fylkesmannen ikkje gått nærare inn på i sitt vedtak.

Sjølv om tørka er ein faktor, kan ein ikkje forvalte dei store rovdyra i takt med om bøndene kan ta normale avlingar eller ikkje. I alle fall ikkje når ein til vanleg held bestandane på eit nivå slik at artane er høgt raudlista.

I staden for å bruke 100 000 til jakt, foreslår vi at dette beløpet blir brukt til meir oppsyn i staden.

Konklusjon

I forvaltingsområdet for jerv er det beitenæringa som skal tilpasse seg til jerven sine behov, og ein må rekne med tap viss ein likevel beiter i forvaltingsområdet for jerv. Søknaden om skadefellingsløyve må difor avslåast.

Krav om oppsettjande verknad av klaga

Vi ber om at klaga får oppsettjande verknad. Dette sidan det vil vere svært uheldig for jervbestanden om det blir felt eit dyr i det aktuelle området.

Med vennleg helsing

Øystein Folden
leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Kopi:
Miljødirektoratet
Klima- og miljødepartementet